

Brev til dei som bestemmer i Karmøy Kommune!

3. klasse ved Åkra skole er sjokkert over korleis kommunen vår vil løyse skulegrensene på Åkra og Ådland. Etter at dei fekk informasjon om forslaget som ligg til høyring, kom desse innspela frå elevane i klassen:

- For et dumt forslag! URETTFERDIG!
- Det er vel ikkje bra at dei tar bort nokon elevar frå klassen! Då mister me jo gode vener!
- Bestevener blir lei seg!
- Det kan vere vanskeleg å finne seg nye gode vener.
- Ein burde få velje sjølv kva for ein skule ein vil gå på. Ein kan ikkje TVINGE barn til å byte skule!
- Nokon barn kan få vondt i magen, og bli redde!
- Hvis eg må byte skule, så kan eg bli så redd at eg blir slem....
- Nye elevar, som nettopp har starta på Åkra skole, må begynne heilt på ny med å finne seg vener, og starte heilt på ny med å bli trygge.

Sterke ord til ettertanke....

Helsing:

Frå barnemunn i 3. klasse ved Åkra skole

Kontaktlærarar Anne Beth Klausen og Kristin Nordbø

Som pedagogar så legg me med barnerettighetane frå FNs barnekonvensjon. Trur faktisk den er høgaktuell å ta til nærmare ettersyn i forhold til denne saka:

Barnerettighetenes fire hovedområder

Rettighetene i barnekonvensjonen handler om fire hovedområder:

1. **Barns rett til ikke-diskriminering:** alle barn har de samme rettighetene uansett hvem de er
2. **Barns rett til liv og utvikling:** alle barn har rett til å leve og få mulighet til å utvikle seg mest mulig
3. **Barns rett til medvirkning:** barn har rett til å få informasjon i saker som gjelder dem og si sin mening og bli tatt alvorlig
4. **Barns beste:** i alle avgjørelser som gjelder barn, skal en ta hensyn til hva som er best for barnet